

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Marielund
Møtedato: 06.09.2005 **Tid:** 15.00-18.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Thomas Moss
Audhild Olsnes

I staden møtte:

Vidar Rolland
Helga Nygård

Andre som var tilstades på møtet: Ass.adm.sjef Våge og ordf. Marit A. Aase

Merknader: Oppvekst og omsorg var på Gjerde skule og barnehage på synfaring før møtet starta. På Marielund tok Ketil Odland imot utvalet og viste dei rundt før møtet vart sett.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13. september 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent slik den låg føre.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Utvalet hadde ingen innspel til kvarteret.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.adm.sjef orienterte om følgjande:

1. Stolpane skulehus er flytta til Nordbygda. Det står att oppryddingsarbeid på den gamle skuletomta og vegen ned til denne. Teknisk eining har vore på synfaring og vil i lag med arbeidsgruppa syte for å rydde opp så snart som mogleg.
2. Utvalet fekk utdelt internt notat om anboda til rehabilitering av bassenget som er komne inn. Administrasjonen utarbeidar eiga sak til kommunestyret om ny finansiering.
3. Ættesoga; Svein Egil Kvale kjem og orienterer om arbeidet på neste møte den 11. oktober.
4. Kommunen har starta arbeidet med å få avtale/hand om områda knytt til Tusenårsstaden. Ein vil jobbe vidare med å utvikle området nede på Ytre Tysse og sjølve kulturstien.
5. Utvalet vart orientert om at kommunen har søkt om tilskot til heis på kommunehuset gjennom prosjektet; "Nedbygging av barriere i kommunen." Husbanken handsamar søknaden.
6. Ordføraren orienterte om 100-årsmarsjen som vetr arrangert ilag med idrettslaget, søndag 11.09.05 i samband med Samnangermila. Nils Gåsdaal repr. kommunen ilag med ordføraren.
7. Utvalet vart orientert om ferietilbod for psykisk utviklingshemma i Hordaland gjennom "Trivsels- og helsereiser til Kypros".
8. Oppvekst og omsorg vart oppfordra av eldrerådet til å skipa eit eige råd for funksjonshemma i kommunen. Oppvekst og omsorg slutta seg til dette og ber om at administrasjonen lagar til eiga sak til kommunestyret på dette.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0009/05	05/00268 UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE ALTERNATIV PLASSERING UTBYGGING MED ELLER UTAN FRAMTIDIG SKULE
0010/05	05/00260 TANNHELSEFELTET - HØYRING NOU NR.11/2005
0011/05	05/00271 PSYKIATRIPLAN 2004 - 2008 - REVISJON AV HANDLINGSPLANEN

0009/05

**UTBYGGING GJERDE BARNEHAGE ALTERNATIV PLASSERING
UTBYGGING MED ELLER UTAN FRAMTIDIG SKULE**

Framlegg til vedtak.:

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:

”1. Utvalet ber om at administrasjonen må greia ut alternativ A. Med tanke på ekstra kostnader med å leggja bygget ut på kanten (mot bekken).

Administrasjonen må også greia ut eit alternativ med å leggja den nye barnehagen på området mellom bustadane og skulen (området nordvest for skulen som kommunen ikkje eig).

Begge desse utgreiingane må innehalde vurderingar av om krava kan stettast m.o.t tiltreккеleg uteareal og høve til å utvide barnehagen i framtida.

2. Representant for byggjenemnda frå oppvekst og omsorg vert Geir Markhus.

3. Styringsgruppe forprosjektet vert utval for oppvekst og omsorg.”

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Utvalet ber om at administrasjonen må greia ut alternativ A. Med tanke på ekstra kostnader med å leggja bygget ut på kanten (mot bekken).

Administrasjonen må også greia ut eit alternativ med å leggja den nye barnehagen på området mellom bustadane og skulen (området nordvest for skulen som kommunen ikkje eig).

Begge desse utgreiingane må innehalde vurderingar av om krava kan stettast m.o.t tiltreккеleg uteareal og høve til å utvide barnehagen i framtida.

2. Representant for byggjenemnda frå oppvekst og omsorg vert Geir Markhus.

3. Styringsgruppe forprosjektet vert utval for oppvekst og omsorg

0010/05

TANNHELSEFELTET - HØYRING NOU NR.11/2005

Framlegg til vedtak.:

Samnanger kommune gjev følgjande høyringsuttale til NOU nr. 11 / 2005.:

”Samnanger kommune ser det som positivt at det no vert gjort eit arbeid for å forbetra tilhøva for innbyggjarane når det gjeld tannhelsetenester.

Samnanger kommune føreset at den ordninga som det no vert lagt opp til ikkje er dårlegare enn dagens ordning. Me tenkjer då spesielt på eldre menneske som i dag har krav på frie tannhelsetenester dersom dei mottek heimesjukepleie på eit visst nivå eller er innlagt i institusjon. Desse gruppene må ikkje missa retten til frie tannhelsetenester.

Samnanger kommune ser det som svært verdifullt at me har distriktstannklinikken i vårt lokalsamfunn. Me vil ikkje at barn, kronisk sjuke og eldre skal måtta reisa ut or kommunen for å motta tannhelsetenester.

Samnanger kommune ser det også som viktig at det vert lagt ned ressursar og engasjement for å rekruttera og behalda tannlegar i kommunar utanom dei tettast befolka områda i Noreg”

Handsaming i møte:

Magda Haugen er som sakshandsamar i saka ugild og gjekk ifrå under handsaminga av saka. Fellesframlegg til tilleggspunkt: Samnanger kommune ønskjer at tannhelsetenesta skal verta styrt av eit regionalt nivå.

Utvalet slutta seg til uttalen med tilleggspunktet ovanfor.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev følgjande høyringsuttale til NOU nr. 11 / 2005.:

”Samnanger kommune ser det som positivt at det no vert gjort eit arbeid for å forbetra tilhøva for innbyggjarane når det gjeld tannhelsetenester.

Samnanger kommune føreset at den ordninga som det no vert lagt opp til ikkje er dårlegare enn dagens ordning. Me tenkjer då spesielt på eldre menneske som i dag har krav på frie tannhelsetenester dersom dei mottek heimesjukepleie på eit visst nivå eller er innlagt i institusjon. Desse gruppene må ikkje missa retten til frie tannhelsetenester.

Samnanger kommune ser det som svært verdifullt at me har distriktstannklinikken i vårt lokalsamfunn. Me vil ikkje at barn, kronisk sjuke og eldre skal måtta reisa ut or kommunen for å motta tannhelsetenester.

Samnanger kommune ser det også som viktig at det vert lagt ned ressursar og engasjement for å rekruttera og behalda tannlegar i kommunar utanom dei tettast befolka områda i Noreg”

Samnanger kommune ønskjer at tannhelsetenesta skal verta styrt av eit regionalt nivå.

0011/05

PSYKIATRIPLAN 2004 - 2008 - REVISJON AV HANDLINGSPLANEN

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Magda Hugen sette fram følgjande framlegg:

1. ”Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til administrasjonen sine tankar om bruk av statlege midlar – revisjon av handlingsplan for Psykiatritenesta.

Utvalet ynskjer at det førebyggjande arbeidet blant barn og ungdom må styrkjast. Spesielt viktig er det at me får tilført ressursar i form av utekontakt og ungdomsarbeidar.

2. Ruspolitisk handlingsplan må prioriterast.”

Det vart røysta over framlegget til Haugen, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til administrasjonen sine tankar om bruk av statlege midlar – revisjon av handlingsplan for Psykiatritenesta.

Utvalet ynskjer at det førebyggjande arbeidet blant barn og ungdom må styrkjast. Spesielt viktig er det at me får tilført ressursar i form av utekontakt og ungdomsarbeidar.

2. Ruspolitisk handlingsplan må prioriterast.

HANDLINGSPLAN FOR psykiatritenesta 2006 - 2008

Tiltak 2006	Merknad	Kostnad
Til disposisjon kr 150.000		
Dekking av løns- og prisauke		35.000
40 % heimekonsulent (heilårsverknad 8/12)	Førebyggjande arbeid blant barn og unge Oppfølging av barn og unge som anten sjølv er psykisk sjuke eller som har føresette som er psykisk sjuke	115.000
Til saman		150.000
Tiltak 2007	Merknad	Kostnad
Til disposisjon kr 150.000		
Dekking av løns- og prisauke		35.000
Oppretting/kjøp av stilling for psykolog 20 % (interkommunalt samarbeid)	Psykologen skal først og fremst nyttast i det førebyggjande arbeidet og i første møte med personar som evt. skal vidare i hjelpeapparatet. Skal og brukast til rådgjeving av kommunalt tilsette.	100.000
Tilskot til arrangement for barn og unge		15.000
Til saman		150.000

Tiltak 2008	Merknad	Kostnad
Til disposisjon kr 150.000		
Dekking av løns- og prisauke		35.000
Kommunale arrangement for barn og unge	Gjennomført i regi av kulturskulen	40.000
Auka driftsutgifter	Auka aktivitet medfører auka driftsutgifter. Dette gjeld opplæring, skyssutgifter, faglitteratur, kontorutgifter, telefon m.m.	25.000
Tilskot til arrangement for barn og unge	Gjeld både private og kommunale tiltakt	50.000
Til saman		150.000

